VEDL. 4

Rekvirent iht. følgebrev/- ~~rekvirent ikke oppgitt.~~
10114938527
org.nr./fødselsnr.

TINGLYST
DOKUMENTNR 1129497
22 DES. 2014
STATENS KARTVERK

19-January-2015

# STADFESTING OM RETTAR GJELDANDE STIKKLEDNINGAR GJENNOM ANNAN EIGAR SIN GRUNN

Mellom eigarane av

Gnr ...43...Bnr...78.Adresse:.........RYLAND 95.........

Gnr ...43....Bnr....4...Adresse:.........RYLAND 72.........

Gnr ...43....Bnr..132.Adresse:.........RYLAND.........

**er det inngått følgjande avtale:**

Eigar av gnr ..43....bnr...78.
Vert gjeve rett til å legge stikkleidningar for vatn og avløp med naudsynte kummar gjennom eigedomen

gnr ..43...bnr...4....og gnr.....43.bnr..132. Leidningane leggast som vist på kart, datert .02.11. 2014

Det takast atterhald om mindre justeringar av trasèval om dette skulle vise seg naudsynt pga. terreng og / eller grunnforhold.

Grunneigaren gir leidningseigaren fri tilkomst til eigedomen for naudsynt vedlikehald, reparasjonsarbeid og fornying av leidningsanlegget. Vidare plikter grunneigar seg til ikkje å utføre arbeider som kan skade eller gjere leidningane utilgjengelege.
Dersom grunneigar ønskjer å gjere tiltak (bygningar, tilbygg,, støttemur etc.) som gjer det naudsynt å verne eller flytte leidningane plikter grunneigar, i samråd med leidningseigar, å finne ei løysing som framleis gjev eigedomen tilknyting til hovudleidningar.

Kostnader ved vern (varerøyr, kanal) eller flytting av leidningar blir ei sak mellom grunneigar og leidningseigar om det vert aktuelt.

Leidningseigar er ansvarleg for drift, vedlikehald og fornying av leidningane. Ved terrengarbeid på nabogrunn, plikter tiltakshavar seg til å sette terrenget tilbake i den stand det var før arbeidet vart sett i gang. Arbeidet skal utførast i samråd med grunneigar.

Dersom det oppstår tvist vedkommande forståing og/eller utøving av denne avtalen og partane ikkje minneleg løyser tvisten, skal dette avgjerast med endeleg verknad av ei valdgiftsnemnd, som inneheld ein representant for kvar av partane samt ein nøytral oppmann. Om partane ikkje vert samd om oppmann, oppnemnast denne av justitiarius ved lokal tingrett, jfr. tvistemålsloven kap.32.

Denne erklæring kan ikkje avlysast utan skriftleg løyve frå kommunen.

**Denne avtalen tinglysast på alle dei rørte eigedomar.** P.nr. 10114938527

**Eigar av Gnr ..43...Bnr...78....Sign**.........Konrad E. Io.........**Dato:** 14/11-14
**(Namn/adresse/fødselsnummer)**

MELAND KOMMUNE
Ordfører
ORG. NR. 951549770

**Eigar av Gnr ..43....Bnr...~~78~~ 132...Sign**.........[signature].........**Dato:** 19.11.14
**(Namn/adresse/fødselsnummer)**

P.nr. 09104439559

**Eigar av Gnr ..43...Bnr....4....Sign**.........Einar Danielsen.........**Dato:** 14/11-14
**(Namn/adresse/fødselsnummer)**

TINGLYST
DOKUMENTNR 1129497
22 DES. 2014
STATENS KARTVERK


E 283600
E 283650
43/99
28
43/85
N 6720050
43/44
1442
43/50
10420
419
1440B
1440A
N 6720000
10421
85
43/56
43/77
N
Gnr.43 bnr.78, Ryland
Forslag Vatn- og avløptrasè
02.11.2014
Målestokk 1:500
Medaas Oppmåling